

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

<b>Råd:</b>	<b>Stord sokneråd</b>
<b>Tid:</b>	<b>Torsdag 27. august 2020</b> <b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Kyrkjekontoret (Hamnegata 48)</b>
<b>Opning:</b>	<b>Egil</b>

**Til stades:** Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland

## SAKLISTE

### 2020/46- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent med følgjande tilleggssaker:  
Sak 2020/53 - Høyringsuttale ifm tilsetting  
Sak 2020/54 – Aktivitet i Kyrkjestova Fredheim  
Samrøystes

### 2020/47- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:**  
Møteprotokollane for møte 9.juni 2020 og 22.august 2020 vart godkjent.  
Samrøytes.

### Orientering frå AU om saker vedteke på sommarfullmakt

Sak 2020/41 – Årsrekneskap 2019  
Sak 2020/42 – Søknad om permisjon  
Sak 2020/43 - Høyringsuttale, stillingar og tilsetjing

### 2020/48- 312 Innleiing til ny lokal gudstenesteordning

Ifm innføring av ny gudstenesteordning frå 1.søndag i advent 2020 skal soknerådet vedta ny lokal grunnordning. Det vert lagt opp til drøfting rundt prosess og innspel til arbeidet som skal skje med utarbeiding av forslag til ny grunnordning. Saka vil tilpassast vedtak i Sak 2020/45 på møte som del av kursdagen 22.august.

#### **Vedtak:**

Stord sokneråd vedtek oppstart av arbeidet med ny lokal gudstenesteordning og legg opp til følgjande prosess for handsaming av ny lokal grunnordning:

- Soknerådet ber gudstenesteutvalet arbeida fram mot å ha eit forslag klart for soknerådet å vedta som høyringsutkast 13.okt. Dersom utvalet finn tida for knapp, må soknerådet få signal om å søkja utsett frist frå biskop.
- Soknerådet utset dermed sitt møte 29.sept. til 13. oktober og tek sikte på å gjera endeleg vedtak i sitt møte 29. oktober 2020.
- Forslaget vert teke opp til høyring i soknemøte 25. oktober.
- Soknerådet ønskjer eit forslag som inneber ei lokal grunnordning og svar på dei konkrete spørsmåla frå biskop.
- Soknerådet ber utvalet om å involvera tilsette og andre utval på høveleg vis.
- Soknerådet supplerer gudstenesteutvalet i denne saka med Ingeborg H. Ørjasæter.

Stord sokneråd gir følgjande innspel til arbeidet med forslag:

- Soknerådet ønskjer felles kyrkjelydssvar med Nysæter sokn si gudstenesteordning
- Det er viktig at familiegudstenestene rettar seg mot/inkluderer heile familien.
- Det er viktig at gudstenestene også inneheld ledd/tekstar med lokal forankring.
- Soknerådet ber elles medlemene i gudstenesteutvalet ta med seg signala frå samtalen i soknerådet i det vidare arbeidet.

### 2020/49- 023 Planjusteringar for hausten 2020

vedl 1

Arbeidsutvalet har med utgangspunkt i vedtak 10.juni 2020 utarbeida forslag til planjusteringar for hausten 2020. Situasjonen i samfunnet er framleis prega av Covid-19 viruset og ulike smittevernstiltak og -restriksjonar, og vi må forvente at det vil vere det heile

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

hausten. Planjusteringane tek utgangspunkt i gjeldande lokale planar og synleggjer prioriteringar frå soknerådet for aktiviteten gjennom haustsemesteret. Vedlagde utkast vert og drøfta i leiarforum 26.august, og tilbakemeldingar vil bli lagde fram i soknerådsmøtet.

## **Vedtak:**

Stord sokneråd vedtek planjusteringar i tråd med vedlagde dokument med dei endringane som vart gjort i møtet.  
Samrøystes

## **2020/50- 362 Fokus på misjonsprosjektet**

Soknerådet har i ulike saker våren 2020 diskutert å løfte fokus på misjonsprosjektet hausten 2020.

## **Vedtak:**

Stord sokneråd ber diakoniutvalet (v/Signe og Dagfinn) etablere kontakt med Normisjon og få ein oppdatert status på misjonsprosjektet. Soknerådet ber og om konkrete forslag til korleis me kan auke fokuset på misjonsprosjektet gjennom ulike initiativ gjennom hausten. Utvalet bes om å ta med innspela i neste soknerådsmøte.  
Samrøystes

## **2020/51- 012 Suppleringsval - Trusopplæringsutval**

Soknerådet må vurdere om det skal rekrutterast ein erstattar for Johannes Lamo i trusopplæringsutvalet.

## **Vedtak:**

Anders Grov Nilsen blir valt som nytt medlem i trusopplæringsutvalet.  
Samrøystes

## **2020/52- 012 Utvalsarbeid**

Soknerådet gjorde 12.mars vedtak der ein oppnemnde deltakarar i gudstenesteutval, trusopplæringsutval, diakoniutval og kyrkjelivsutval. Vedtaket la vidare opp til at utvala utarbeider forslag til oppgåver og ansvar som skal inngå i mandatet til utvala, slik at desse kan friskast opp. Dette arbeidet har låge på vent grunna Covid-19 situasjonen, men bør no takast opp igjen med mål om aktive utval som kan engasjere til aktivitet innan dei ulike områda. Soknerådet bør også drøfte å arbeide vidare med eit mogleg frivillig-utval.

## **Vedtak:**

Stord sokneråd ber om at alle utvala møtest før neste soknerådsmøte, gjer seg kjende med eventuelle lokale planar for deira område, og handsamar spørsmåla knytt til oppgåver og ansvar. Vidare bør det diskuterast moglege andre frivillige medlemmer som kan spørjast om å delta. Utvala melder tilbake i neste soknerådsmøte.  
Samrøystes

## **2020/53- 210 Høyringsuttale ifm tilsetjing**

Unnateke offentleg innsyn, jfr Offentleglova §13

## **2020/54- 420 Aktivitet i Kyrkjestova Fredheim**

Soknerådet har motteke eit brev frå styret i Kyrkjestova Fredheim der dei oppmodar soknerådet til å ta initiativ til ein idedugnad med kyrkja og lokale organisasjonar – med mål om å auka bruken av kyrkjestova og la fleire få eit eigarskap til huset gjennom aktivitet.

## **Vedtak:**

Stord sokneråd ber leiar av kyrkjelivsutvalet (Kirsti) og sokneprest Olav arbeida vidare med denne saka, med sikte på å følgja opp innspela frå Kyrkjestova Fredheim.  
Samrøystes

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Statusoppdatering frå Stord Kyrkjelege Fellesråd v/Dag
  - a. Det er tilsett soknediakon i 50% fast stilling. Oppstartsdato ikkje avklart enno, men truleg mot slutten av året.
2. Endring av møtedato for fellesmøte med Nysæter SR, frå 24.november til 8.desember 2020
3. Orientering om konfirmasjonsgudstenester
  - a. Totalt 12 konfirmasjonsgudstenester i Stord over to helgar.
  - b. Kvar konfirmant får ha med 10 gjestar. Gudstenestene vert streama for å gjere den tilgjengeleg for fleire gjestar
  - c. Behov for kyrkjevertar til konfirmasjonsgudstenestene 5., 6., 12 og 13.september. Soknerådet oppmodast om å melde seg, eller spørje andre aktuelle.
4. Innspelsmøte ifm ny kyrkjeordning. Sjå eigen e-post til soknerådet.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Positivt svar på søknad om prosjektor, frå Bjørgvin bispedøme
2. Økonomioversikt pr. 31.07.2020
3. Referat frå møte i Stord kyrkjelege fellesråd 16.juni 2020
4. Referat frå styremøte i Kyrkjestova Fredheim, 9.juni 2020

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Dag Sele  
nestleiar  
sign

**Neste soknerådsmøte vert:  
13.oktober 2020**



## **PRIORITERINGAR OG PLANJUSTERINGAR HAUSTEN 2020 I LYS AV COVID-19 SITUASJONEN**

Tilsette i kyrkja på Stord har i Covid-19 situasjonen gjort ei rekke gode vurderingar og sett i verk gode tiltak og aktivitetar for å møte den spesielle situasjonen. Soknerådet er godt nøgde med arbeidet som er gjort. Når ein no planlegg den vidare gjenopninga er det soknerådet si rolle å løfta blikket framover og vera med på å gje tilsette generelle føringar/prioriteringar å planleggja ut i frå – gjennom å vedta nødvendige justeringar av gjeldande planar. Dette går fram av Smittevernrettleiaren (Bransjestandard for Den norske kyrkja), som også ligg til grunn for aktivitetane. Planjusteringa er såleis vedteken som eit utgangspunkt å planleggja ut i frå, og soknerådet håpar på ein god og aktiv dialog med dei tilsette og frivillige medarbeidarane gjennom hausten for å sikra at justeringane er til hjelp og ikkje til hinder for gjennomføring av aktivitetar. Soknerådet ønskjer at utval og tilsette gjer konkrete vurderingar på om dei prioriterte tiltaka let seg gjennomføra innanfor gjeldande smittevernsrestriksjonar, og vurderer kor mange av tiltaka som let seg gjennomføra med dei tilgjengelege ressursane. Planjusteringa inneheld også nokre punkt for kva soknerådet vil prioritera i sitt eige arbeid hausten 2020.

For dei tiltaka som vert utført av tilsette, der soknerådet er definert som ansvarleg arrangør (jfr Smittevernrettleiar), delegerer soknerådet etter avtale denne oppgåva til kyrkjevevja.

### **Generelt**

Det har svært høg prioritet for soknerådet å unngå ulike former for avvising i høve til deltaking frå kyrkjelyden sine medlemmer. Det er svært viktig å møtast, så langt det er mogeleg, og det skal opplevast trygt å koma i kyrkja.

Soknerådet vil generelt prioritera slik:

1. Gjennomføre kyrkjelege handlingar (dåp, gravferd og vigslar)
2. Gudsteneste for alle som vil
3. Fysiske samlingar innan trusopplæring, diakoni og kyrkjeliv
4. Oppretthalde aktivitet på nett som alternativ – men i mindre utstrekning enn våren 2020
5. Open kyrkje og auka aktivitet på nett dersom ein igjen må stenga kyrkjebygget.

Soknerådet ønskjer i tillegg å medverka til rekruttering av frivillige etter behov. Ein vil også eventuelt vurdere oppstart av nye typar samlingar som ivaretek behovet for å møtast som fellesskap, om enn i mindre grupper.

### **Gudstenester**

Soknerådet tek utgangspunkt i vedteken gudtenesteplan for hausten 2020. Denne vart sett opp med utgangspunkt i ein normalsituasjon, og ein ser no at ei gudsteneste per søndag ikkje gir rom for alle som ønskjer å gå på gudsteneste. Vidare gjer restriksjonane



det vanskelegare å gjennomføre ordinære familiegudstenester, også i kombinasjon med T-tiltak.

Soknerådet ønskjer å prioritera svært høgt at det blir halde gudstenester der alle som ønskjer kan koma, og ser derfor behov for å gjere endringar i gudstenesteplanen. Soknepresten og gudstenesteutvalet bes gjere tilpassingar utover hausten utifrå gjeldande restriksjonar og prioriteringane under.

På dette feltet prioriterer soknerådet slik:

1. Gudsteneste(r) med rom for om lag 200 personar kvar søndag.
2. Eigne dåpsgudstenester framfor dåp i hovudgudstenesta når det er kapasitetsbegrensningar
3. Minst ei familiegudsteneste kvar månad (erstattar eller i tillegg til hovudgudstenesta), på borna sine premisser.
4. Ca 1 «gudsteneste» på nett per månad, enten som «streaming», video-andakt e.l.
5. Open kyrkje er eit viktig supplement, gjerne med noko program / musikk

Soknerådet ønskjer i tillegg å medverka til å rekruttera frivillige medarbeidarar for å støtta gjennomføringa av gudstenesta. Dette gjeld også organiseringa av kyrkjevertar, m.a. å leggja opp til at soknerådet tek aktivt del i denne tenesta.

## **Kyrkjemusikk**

Det føreligg ingen kyrkjemusikalsk plan i Stord sokn. Det er difor ikkje aktuelt med konkrete planjusteringar her.

Generelt ønskjer soknerådet å prioritera slik:

1. Deltaking i «høgmesse» (vanleg gudsteneste)
2. Deltaking i andre kyrkjelege handlingar (dåpsgudsteneste, vigsel, gravferd)
3. Planlegge for julekonsert(ar) i adventstida. Vurdera julekonsertar på nett? (Dersom det ikkje er altfor ressurskrevjande)
4. Deltaking i nett-gudstenester og anna nett-publisering

Uavhengig av Covid-19 situasjonen, vil Stord sokneråd ta initiativ til utarbeiding av lokal kyrkjemusikalsk plan.

## **Trusopplæring / Born og unge**

Soknerådet tek utgangspunkt i vedteken trusopplæringsplan frå 2013, og legg vidare til grunn innspel frå trusopplæringsutvalet våren 2020. Planen er ikkje heilt oppdatert med gjeldande tiltak, og prioriteringane tek derfor mest utgongspunkt i planlagde tiltak for hausten 2020.

Mange av tiltaka i trusopplæringa/-planen vil ikkje kunna gjennomførast som normalt dersom restriksjonane vert oppretthaldne. Spesielt leik og mat verkar vanskeleg per no. Det kan og krevja fleire frivillege medarbeidarar for å gjennomføra samlingar. Soknerådet ser det som viktig å m.a. gjennomføra konfirmasjonar for 2020 og sikra eit godt konfirmantopplegg for 2020-21, i tråd med føringa frå Kyrkjerådet.

Soknerådet vektlegg å ivareta relasjonane til borna som er vane med å gå på T-samlingar, men trur samstundes det er viktig at dei møter vante tiltak på deira



premissar. Det vert derfor ei avveging mellom å gjennomføra mange tiltak innanfor restriksjonane og å prioritera opp dei som kan gjennomførast tilnærma som normalt.

Vidare er det viktig at borna finn sin plass i gudstenestelivet også i denne tida, og det kan derfor vere naudsynt å prioritera vekk nokre T-tiltak for å skapa rom for tilpassa familiegudstenester med trusopplærarar som deltek for å gjere gudstenestene meir tilpassa borna sine premissar.

Soknerådet ber trusopplæringsutvalet halde fram dei meir konkrete vurderingane i desse spørsmåla utifrå gjeldande restriksjonar gjennom hausten 2020, med vektlegging av prioriteringane under. Truopplærarane og -utvalet må gjere dei konkrete vurderingane på om tiltaka let seg gjennomføra i det heile, og kor langt ressursane strekk til.

På dette feltet prioriterer soknerådet slik:

1. Arbeid med dåp (To) og konfirmantar (T14), både konfirmantane 2019/2020 og 2020/2021
2. Bidra til at ein får minst ei familiegudsteneste i månaden, på barna sine premissar (meir likt søndagsskule?)
3. To Babysong
4. T4 4-årsbok
5. Tiltak for aldersgruppa 1-6 år (T123, T456, T6 Hausttakkefest)
6. Tiltak for aldersgruppa 7-11 år (T78 og T11 Lys Vaken)
7. Andre T-tiltak / hyppigare samlingar

Soknerådet ønskjer også å sjå på moglegheiten for å ha søndagsskule under ordinære gudstenester, gitt restriksjonar.

## **Diakoni**

Soknerådet tek utgangspunkt i lokal diakoniplan frå 2016-2017. Planen er ikkje heilt oppdatert med gjeldande tiltak, og prioriteringane er derfor noko meir generelle enn tiltaka i planen. Vidare vel soknerådet å leggje generelle prioriteringar til grunn i påvente av tilsetting av ny soknediakon som bør vere med i en planlegging av hausten.

Vidare er det slik at smittevernrettleiaren opnar for arbeid overfor enkeltmenneske, ein til ein, og mange av dei aktuelle tiltaka det har vore fokus på i 2020 er av slik karakter. Behovet for planjusteringar er derfor noko mindre her.

Soknerådet ønskjer å løfte fram arbeid med besøksteneste, blomehelsingar og andakter på institusjonane som gode prioriteringar om dei let seg gjennomføra.

Stord sokneråd vil arbeida for at kyrkjelyden blir godt kjende med misjonsprosjektet. Soknerådet vil også starta arbeidet med ny lokal diakoniplan når ny soknediakon er tilsett og har starta opp.

## **Kyrkjelivet**

Under denne overskrifta har soknerådet omtala aktivitetar som skjer i soknet og som ikkje er direkte knytt til dei tilsette sine fagområde og tilsvarande planar. I denne samanheng er her m.a. nemnt at det er ønskjeleg å fortsetja med kveldssamlingar, også utan måltid, og at ein ønskjer å oppretthalda tre utgåver av kyrkjebladet Spira i 2020.